



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortinget, Næringskomiteen

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/524-2

13. februar 2023

Dok. 8:73 S (2022-2023) Representantforslag om datadrevet industri

Eg viser til brev frå næringskomiteen om representantforslag frå stortingsrepresentantane Linda Hofstad Helleland, Nikolai Astrup, Anne Kristine Linnestad og Heidi Nordby Lunde om datadrevet industri, datert 23. januar 2023. Brevet er adressert til næringsminister Jan Christian Vestre, men næringsministeren har bedt meg, som ansvarleg statsråd for den næringsretta digitaliseringa, å vurdere forslaget.

Under finn de mine vurderingar av dei atten forslaga.

1. Stortinget ber regjeringen fremlegge en status for Stortinget som indikerer i hvilken grad prinsippene for deling og bruk av data fremsatt i Meld. St. 22 (2020–2021) Data som ressurs er implementert i offentlig og privat sektor

Prinsippa for deling og bruk av data handlar først og fremst om at data skal vere opne når det er mogleg, og bli skjerma når det er nødvendig. Data skal vere tilgjengelege, lette å finne fram til, og det skal vere mogleg å bruke dei og å kombinere dei med andre data. Regjeringa ønsker at flest mogleg datasett skal vere opne, og at denne delinga av data skal gi verdi til næringsliv, offentlig sektor og samfunnet. Samstundes må vi ta omsyn til grunnleggande rettar som for eksempel personvern.

Ein viktig indikator på status for deling og bruk av data i Noreg er statistikken frå *Felles datakatalog*. Denne viser at i tida etter framlegginga av *Meld. St. 22 (2020-2021) Data som ressurs – datadrevet økonomi og innovasjon* har det vore ei betydeleg auke i registrering av datasett i katalogen, frå 1206 datasett i juli 2020 til 1665 datasett i februar 2023. Dette er ein auke på 38%.

Digitaliseringsrundskrivet er eit av dei verkemidla eg har for å oppfordre verksemdene til å dele data. Rundskrivet sett krav knytt til tilrettelegging for deling og vidarebruk av

informasjon. Likevel veit vi at berre om lag ein fjerdedel av dei verksemdene som er omfatta av digitaliseringsrundskrivet har delt minst eitt datasett via datakatalogen. Dette betyr at det framleis er stort potensial, og departementet følger opp dette som ein del av arbeidet med datadeling og datadriven innovasjon. I tillegg vil innføringa av *Opne data-direktivet* føre til at fleire verksemder får plikt til å dele sine data. Dette er beskrevet nærare under forslag 10.

Enkelte verksemder har data som dei ikkje kan dele opent, men som dei deler med andre offentlege verksemder. Her utviklinga òg positiv. Undersøkinga *IT i praksis*, som blir gjennomført av Rambøll Management Consulting og IKT-Noreg, viser at andelen offentlege verksemder som deler oversikter og beskrivingar av data med verksemder dei samarbeider med eller som etterspør data, har gått opp frå 59 prosent i 2021 til 72 prosent i 2022.

Eit av krava i digitaliseringsrundskrivet er at verksemdene skal ha tilstrekkeleg oversikt over kva data dei handterer. Evna til å utnytte data heng tett saman med evna til å halde oversikt over kva data ein har, kva dei betyr og kva dei kan brukast til. *IT i praksis* viser at 66% av verksemdene i statleg sektor har oversikt over eller god oversikt over dataelementa i sine datasett og korleis elementa heng saman. For kommunal sektor er tilsvarande tal 40%.

Ei viktig undersøking når det gjeld deling av data er EU-rapporten *Open Data Maturity*. Her blir fire faktorar vurdert: Politikk, effekt (på ulike samfunnsområde), portal (for tilgang på data) og kvalitet. Noreg har hatt ein markant oppgang sidan 2020 og er klassifisert som eit «fast track»-land. Dei områda vi skårar best på er kvalitet, der vi er rangert som nummer 3 og portal, der vi er rangert som nummer 4. Den største framgangen har likevel vore på effekt, der Noreg har gått frå å vere rangert som nummer 29 i 2020 til å vere rangert som nummer 10 i 2022.

Eg ønsker at vi skal få betre tal på kva verdi deling av data gir næringslivet.

Digitaliseringsdirektoratet har samarbeidd med SSB om å utvikle spørsmål til statistikken *Bruk av IKT i næringslivet*. Undersøkinga er årleg og dekker norske bedrifter med meir enn 10 tilsette. Spørsmåla som skal avdekke korleis næringslivet bruker offentlege data. Resultata frå første år er klare i august 2023.

2 Stortinget ber regjeringa igangsette etableringa av en havdatabank som et offentlig-privat samarbeid mellom etablerte aktører som er i gang med datadelingsplattformer for havspesifikke data. Plattformen skal kunne sikre deling av havdata i SMB-segmentet og industrien

Havdata er viktige data som gir grunnlag for avgjerder i både forvaltning og næringsliv, og for klima- og miljøpolitikken. Derfor inngår ulike former for havdata i lista over høgverdi datasett som Europakommisjonen nyleg har publisert. Slike høgverdi datasett må offentlege organ gjere tilgjengeleg for vidarebruk.

Noreg har over lang tid bygd opp ein infrastruktur for produksjon, forvaltning og deling av havdata. Dei tre viktigaste aktørane er Norsk marint datasenter (NMD), BarentsWatch og geonorge.no. Desse samlar fortløpande data frå norske offentlege produsentar av havdata og gjer desse tilgjengelege for private og offentlege brukarar. Dei leverer òg data til internasjonale datainfrastrukturar i regi av EU og FN.

I tillegg til dei offentlege løysingane for innsamling og deling av data, har privat sektor sett i gang ulike initiativ for deling av havdata, slik som HUB Ocean sin *Ocean Data Platform* og sjømatnæringa sin plattform *Aquacloud* og *lusedata.no*.

Forvaltninga har ei viktig rolle å spele når det gjeld å sikre felles standardar for utveksling av data og ein effektiv og sikker digital infrastruktur for innsamling, lagring og deling av data. Dette er ein sentral del av IT-politikken til regjeringa, der blant anna Altinn og Felles datakatalog (data.norge.no) er viktige verktøy. På denne måten kan ein legge til rette for at ulike plattformer kan utveksle data (for eksempel Altinn og Aquacloud).

Nærings- og fiskeridepartementet gjekk hausten 2020 inn i ein avtale med Sjømat Noreg og Sjømatbedriftene for å optimalisere informasjonsflyten mellom sjømatnæringa og styresmaktene, identifisere potensial for forenkling og bidra til ein berekraftig og lønnsam utvikling av næringa. Dette samarbeidet, OPS sjømat, er eit forum der næring og styresmakter samarbeider om ulike problemstillingar. Det å etablere ein eigen dataplattform, *Sjømatdata*, er eit prosjekt som sjømatnæringa driv aleine utanom dette samarbeidet.

Fiskeriministeren og eg deler synet at det er betre å bruke dei løysingane og initiativa som finst, og heller legge til rette for at desse løysingane kan utveksle data med kvarandre, i staden for å utvikle ein ny, felles plattform. Det å etablere ei slik plattform som eit offentleg-privat samarbeid reiser ei rekke problemstillingar knytt til finansiering, struktur, forholdet til andre plattformer, reglane om statsstøtte og konkurranse med meir. Det er derfor ei betre løysing at denne type initiativ oppstår som følge av samarbeidet mellom sjømatnæringa og styresmaktene, framfor å bli pålagt av storting og regjering.

Godt samarbeid mellom offentlege og private aktørar er uansett sentralt for å utnytte dei moglegheitene digitalisering og deling av data gir for vidare oppbygging av kunnskap og nye løysingar på dette området.

3 Stortinget ber regjeringa sørge for at offentlege virksomheter støtter opp om aktiviteter i Digital Norway og andre næringslivsarenaer der det samarbeides om kompetanseheving på digitalisering og datadeling

Digital Norway er ein viktig støttespelar for mitt departement i arbeidet med både kompetanseheving og datadeling. Kommunal- og distriktsdepartementet har inngått ein samarbeidsavtale med Digital Norway, blant anna for å følge opp ekspertgrupperapporten om deling av industridata frå mai 2022.

Digital Norway samarbeider med Digitaliseringsdirektoratet i arbeidet med deling av data, blant anna gjennom Datafabrikken. Direktoratet og DigitalNorway samarbeider òg gjennom å vise til kurs og rettleiing hos kvarandre. Digital Norway er òg ein viktig samarbeidspartner i arbeidet med å få norske verksemder til å utnytte data gjennom for eksempel kunstig intelligens, blant anna gjennom si rolle som leiar for European Digital Innovation Hub (EDIH) Nemonoor. Nemonoor skal vere inngang for små og mellomstore bedrifter og offentlege verksemder som treng støtte i bruk av kunstig intelligens.

Regjeringa møter òg næringslivet på andre arenaer. 5G industriforum er oppretta med bakgrunn i *Meld. St. 28 (2020-2021) Vår felles digitale grunnmur* og regjeringa sine

ambisjonar i *Hurdalsplattforma*. Eit hovudføremål med forumet er å legge til rette for at verksemder kan få nytte av 5G-teknologi. Gjennom å fremme kunnskap og beste praksis om bruk av 5G-teknologi, vil forumet bidra til effektivisering, innovasjon og næringsutvikling. Dette vil igjen vil styrke konkurransekraft og eksport. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom) og DigitalNorway er sentrale bidragsytarar, i tillegg til at dei har eit ansvar for drift av forumet.

4 Stortinget ber regjeringen etablere arenaer der næringslivet selv får anledning til å komme med råd og anbefalinger om hvilke data som bør prioriteres for datadeling

Næringslivet kan i dag komme med råd og anbefalingar om kva data som bør bli prioritert for datadeling blant anna gjennom DigitalNorway og direkte til Digitaliseringsdirektoratet. For at vi skal få til meir deling av data til nye føremål i Noreg, trengst det tydelege bestillingar frå næringsaktørane om kva data som bør prioriterast for tilgjengeleggjering. Gjennom Digitaliseringsdirektoratet og DigitalNorway vil eg derfor utfordre næringsorganisasjonane til å formidle sine behov for offentlege data på ein koordinert og tydeleg måte.

I 2022 utvikla Digitaliseringsdirektoratet og Statistisk sentralbyrå ein metode for å måle effekt i næringslivet av deling av offentlege data. Metoden er utforma slik at den òg kan avdekke kva type data det er bruk for i næringslivet, og kva eventuelle hindringar som finst for å få tak i desse.

Sommaren 2021 lanserte Digitaliseringsdirektoratet *Datalandsbyen*. Datalandsbyen er eit nettforum for dei som jobbar med deling og bruk av data. I Datalandsbyen finst òg eigne område der deltakarane kan etterspørje data dei treng. Direktoratet følger opp forumet aktivt, og om det kjem fram at det er behov for data frå ein spesifikk etat, så varslar direktoratet denne etaten om dette.

Datajegeren er ei teneste for å hjelpe verksemder å finne og få tak i data. Gjennom Datajegeren får Digitaliseringsdirektoratet innsikt i behov og hindringar for å få meir verdi ut av data.

Ei anna kjelde til råd og anbefalingar på dette området er arbeidet i regi av regjeringa sitt forenklingsprosjekt. Dette prosjektet er organisert av Nærings- og fiskeridepartementet, og har i fleire år jobba for å redusere dei administrative kostnadane knytt til rapportering og kommunikasjon med det offentlege for næringslivet. Som ein del av dette prosjektet er det tatt initiativ til ei rekke samfunnsøkonomisk lønnsame samarbeid i ulike næringssektorar. Desse samarbeida blir omtalt som offentleg-privat sektorutvikling (OPS). OPS skal auke konkurransekrafta i den enkelte næring og modernisere den offentlege forvaltninga sin digitale kommunikasjon med næringane. Samarbeidet skal i størst mogleg grad vere styrt av næringslivet sjølv.

OPS-initiativa har retta merksemda mot verdien av å dele data i og med næringslivet, og å sjå verdikjeder som omfattar både næringsaktørar og forvaltninga som ei samanhengande kjede. Prinsippet om vidarebruk av data og at data kun skal samlast inn ein gong («once only») har vore førande for arbeidet.

Et av OPS-initiativa, DSOP (digitalt samarbeid offentleg privat), er eitt eksempel på at slike samarbeid har resultert i vellykka ordningar. Her har samarbeid mellom finansnæringa og offentlege etatar resultert i for eksempel *samtykkebasert lånesøknad*, som forenkler søknadsprosessen for lån gjennom at søkeren gir banken samtykke til å hente informasjon frå Skatteetaten. Det er òg utvikla tiltak som blant anna skal effektivisere konkursbehandling og gjere det enklare for styresmaktene å avsløre kvitvasking av pengar.

Andre område med OPS er viktige næringar som landbruk, havbruk, fiskeri, samt bygg, eigedom og anlegg. Næringsministeren har etablert eit årleg møteforum med deltaking frå næringslivsorganisasjonane, der hovudføremålet er å få konkrete innspel som kan bidra til å nå forenklingmålet. Digitalisering og datadeling er ein viktig del av dette.

5 Stortinget ber regjeringa sikre at det utdannes flere kvalifiserte teknologer

Universiteta og høgskulene er rammefinansierte. Det betyr at dei skal sjå heile rammeløyvinga under eitt, noko som gir dei rom for å sjølv prioritere aktivitetar og område dei vil satse på for å nå dei måla som er sett for både verksemda og sektoren.

Det betyr blant anna at flest mogleg søkarar skal få studere det dei ønsker, samstundes som samfunnet skal få dekkja sine behov. Ein skal òg ta omsyn til at det skal vere god tilgang til utdanning over heile landet, og at utdanninga skal ha god kvalitet og bidra til ei berekraftig samfunnsutvikling.

Det er krevjande å vege desse måla opp mot kvarandre, og sentralstyrt detaljplanlegging er lite eigna for dette. Regjeringa og Stortinget har eit overordna ansvar for den samla utdanningskapasiteten gjennom å fastsette størrelsen på løyvingane, mens universiteta og høgskulene har ansvaret for å dimensjonere kvar enkelt av sine utdanningar innanfor desse rammene. Politisk styring skjer både gjennom generelle signal om fagområde som bør prioriterast og, i enkelte tilfelle, gjennom direkte pålegg frå departementet.

På same måte er det fylkeskommunane som skal sørge for at tilbodet innanfor høgare yrkesfagleg utdanning er i samsvar med behovet for kompetanse i arbeidslivet.

Fylkeskommunane har fått eit tydeleg styringsansvar for fagskulane og forvaltar tilskuddsordninga for driftsmiddel til fagskular. Desse driftsmidla blir fordelt i tråd med strategiske vurderingar av kompetansebehov i den enkelte fylkeskommune. Fordelinga av studieplassar skal skje i samspel mellom arbeidsliv, fagskular og styresmakter for å sikre at nye studieplassar treff kompetansebehova i arbeidslivet best mogleg.

I dei årlege budsjettprosessane vurderer Kunnskapsdepartementet om det er bruk for auka utdanningskapasitet gjennom øyremerka tildelingar.

Dei siste ti åra har universiteta og høgskulane fått øyremerka middel tilsvarende 3400 studieplassar i utdanningar innanfor realfag og teknologi. I 2020 løyvde Stortinget middel til 4000 nye studieplassar i høgare utdanning i samband med de høge arbeidsløysa under covid-19-pandemien. Av desse blei 1400 studieplassar øyremerkt matematisk-naturvitenskaplege og teknologiske fag med vekt på IKT. Ein føresetnad for løyvinga var at den samla kapasiteten skulle normaliserast i takt med konjunkturane. Studieplassane blei ført vidare med opptak av nye kull i 2021 og 2022, med ei utfasing som startar i 2023. Det betyr

ikkje nødvendigvis at aktiviteten ved dei utdanningane som fekk utvida kapasitet i 2020 blir redusert. Regjeringa legg til grunn at kapasiteten blir oppretthaldt i utdanningar der det er vedvarande høg etterspurnad i arbeidsmarknaden, slik som for teknologifag.

Kunnskapsdepartementet har tildelt middel til omlag 3200 studieplassar til høgare yrkesfagleg utdanning frå 2018. Registerdata analysert av NIFU viser at talet på fagskulestudentar innanfor området «Data-IT» har blitt tidobla på ti år. Fire av fem fagskulekandidatar uteksaminert på dette området i 2019 og 2020 er i relevant jobb eitt til to år etter avslutta utdanning.

Regjeringa vil legge fram ei melding om kompetansebehov for framtida før påske 2023. Målet for meldinga er å bidra til høg sysselsetting og til å dekke dei viktigaste kompetansebehova i arbeids- og samfunnslivet framover. Eit viktig premiss for arbeidet er at det er store udekte arbeidskraft- og kompetansebehov i arbeidslivet, og at det er grunn til å tru at utfordringa vil bli større framover. Når vi ser dette i samanheng med avgrensa økonomisk handlingsrom i tida som kjem, blir det viktig å prioritere og satse på den kompetansen som er viktigast for Noreg.

6 Stortinget ber regjeringa utvide antall studieplasser for vidareutdanning innen IKT

Eg viser til vurderinga av forslag 5 over. Dei same prinsippa gjeld for dimensjonering av vidareutdanning.

7 Stortinget ber regjeringa sørge for at kunnskap om kunstig intelligens og tingenes internett integreres i flere utdanninger

Regjeringa har vidareført *Strategi for digital omstilling i universitets- og høyskolesektoren* som blei lagt fram i september 2021. Strategien slår blant anna fast at sektoren skal arbeide for å utvikle kompetansen hos dei tilsette slik at dei kan forstå korleis digitalisering endrar deira fagområde. Dette er viktig for å få til fornying av fag og utdanningar. Strategien seier òg at verksemdene i sektoren skal samarbeide om å utvikle og inkludere tema som er relevante for digitalisering i utdanninga.

Universiteta og høgskulene arbeider grundig og langsiktig med å følge opp strategien. Saman med Direktoratet for kompetanse og høgare utdanning (HK-dir) har dei samla seg om *Handlingsplan for digital omstilling i høgere utdanning og forskning*. Blant dei mange aktivitetane i planen er *UiB AI*, som er eit fagleg forum om korleis kunstig intelligens påverkar dei ulike fagfelta. Eit anna prosjekt er *Fremtidens teknologistudier*, som skal legge til rette for at studieporteføljen til NTNU er i tråd med teknologiutviklinga, utfordringane samfunnet står overfor og behova til nærings- og arbeidslivet frå 2025 og framover.

Det er tverrpolitisk semje om regelen om fagleg fridom i universitets- og høgskulelova § 1-5 som seier at universitet og høgskular ikkje kan gis pålegg eller instruksar om innhaldet i undervisninga. Den som gir undervisning har eit sjølvstendig fagansvar for innhald og opplegg innanfor dei rammene som institusjonen sett, eller som følger av lov eller i medhald

av lov. Regjeringa er trygg på at institusjonane sjølv sørger for at kunnskap om kunstig intelligens og tinga sitt internett blir integrert i relevante utdanningar.

Regjeringa har òg vidareført *Nasjonal strategi for kunstig intelligens* frå 2020. Strategien slår fast at regjeringa vil ha tydelege forventningar til at studiestadene dimensjonerer og innrettar studietilbodet innanfor kunstig intelligens i tråd med dei forventa behova i arbeidsmarknaden, og at kunstig intelligens blir integrert i etablerte studieprogram der dette er relevant. Strategien seier vidare at regjeringa vil at utdanningsinstitusjonane vurderer korleis personvern og etikk kan få ein sentral plass i utdanningar innanfor kunstig intelligens. Eg legg til grunn at institusjonane tek desse forventningane frå regjeringa med i sitt arbeid med rammer for undervisninga.

8 Stortinget ber regjeringen sørge for økt digitaliseringskompetanse blant offentlige aktører, slik at økt bruk av innovative anskaffelser kan bli et viktig virkemiddel for næringsvekst

Offentleg sektor kan spele ei viktig rolle som pådrivar for innovasjon. Gjennom å bruke innovative innkjøp tar det offentlege utgangspunkt i behov og effektar i staden for detaljspesifikasjonar. Målet er å legge til rette for at leverandørmarknaden identifiserer dei løysingane som best og mest effektivt kan svare på behovet den aktuelle offentlege oppdragsgivaren har. Innovative innkjøp er derfor eit viktig verkemiddel i digitaliseringa og fornyinga av offentleg sektor. Slike innkjøp kan òg bli brukt til å vri samfunnsutviklinga i ei meir berekraftig retning.

Det har vore ei forsiktig positiv utvikling i bruken av innovative innkjøp, men det er framleis eit stort uutnytta potensial. Det er fleire faktorar som bidrar til dette. Manglande kompetanse innan digitalisering og teknologi er ein av fleire barrierar. I tillegg er det bruk for kompetanse på offentlege innkjøp og leiing som ønsker å sjå utviklingsbehov og innkjøp i samanheng.

Noreg har fleire verkemiddel som skal hjelpe offentleg sektor med å gjennomføre innovative innkjøp. Eit eksempel er *Leverandørutviklingsprogrammet (LUP)* som både fasiliterer pilotar innan innovative innkjøp og driv med erfaringsdeling. I 2022 lanserte LUP nettsida *Finn løsnings – Innovative anskaffelser* som skal gjere det enklare å gjenbruke og skalere innovative innkjøp.

Eit anna eksempel er *StartOff-ordninga* som koplur offentlege oppdragsgivarar med oppstartsselskap for å løyse utfordringar den offentlege oppdragsgivaren har. Eit viktig føremål er at fleire oppgåver i det offentlege skal bli løyst digitalt og med det siste av ny teknologi. Koplinga til oppstartsselskap skal gi tilgang til det fremste av kompetanse, ny teknologi og innovasjonskraft frå oppstartsmiljøa. Samstundes får oppstartsselskapa tilgang til den store marknaden offentleg sektor representerer. StartOff er eit samarbeid mellom Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ), Digitaliseringsdirektoratet og LUP. Dette samarbeidet legg til rette for kunnskapsdeling på tvers av offentleg sektor.

Både DFØ og Digitaliseringsdirektoratet har utvikla kompetansetiltak retta mot leiarar i offentleg sektor for å auke kunnskapen om korleis digitalisering endrar den grunnleggande måten verksemdene løyser sine oppgåver på.

9 Stortinget ber regjeringen stille krav om at data gjøres tilgjengelig ved inngåelse av offentlige kontrakter, der det vurderes hensiktsmessig

Eg meiner offentlege data er ein viktig ressurs for innovasjon, utvikling og verdiskaping både i offentleg sektor og i næringslivet. Det er eit mål for regjeringa å legge til rette for deling av offentlege data, blant anna som grunnlag for ny næringsverksemd.

Statens standardavtalar (SSA) er dei kontraktane som er mest brukt når det offentlege inngår avtalar om kjøp av IT-tenester, konsulentbistand eller konsulentoppdrag. Som eit ledd i oppfølginga av *Meld. St. 22 (2020-2021) Data som ressurs – datadrevet økonomi og innovasjon* fekk DFØ i 2022 i oppdrag å vurdere om det var bruk for endringar i SSA-ane for å legge betre til rette for deling og gjenbruk av data. DFØ har utarbeidd ein rapport med forslag til tiltak, som blant anna foreslår endringar i nokre av kontraktsmalane, kombinert med betre rettleiing i bruken av desse. Rapporten ligg nå til behandling i mitt departement, og eg vil vurdere korleis dette skal følgjast opp vidare.

I 2022 overtok DFØ ansvaret for SSA-en for forskings- og utredningsoppdrag. I samband med dette blei det gjort justeringer i denne SSA-en slik at den legg betre til rette for deling av data.

10 Stortinget ber regjeringen vurdere hvilke typer data som har såpass stor samfunnsmessig verdi at myndighetene bør pålegge datadeling

EU har vedtatt *Direktiv 2019/1024 Opne data-direktivet (ODD)*. Dette direktivet er ei omarbeiding av det tidlegare direktivet om vidarebruk (PSI-direktivet), men det pålegg òg landa nye krav.

Eit viktig mål med direktivet er å redusere marknadsbarrierar for små og mellomstore bedrifter gjennom å redusere unntaka som gjer at offentlege organ kan ta meir betalt for data enn marginalkostnadane. Fordi direktivet omfattar fleire typar offentlege data enn før, vil tilgangen til offentlege data auke. Direktivet skal òg oppmode til deling av dynamiske data gjennom programmeringsgrensesnitt (API-ar).

ODD etablerer særlege reglar for det som blir kalla «datasett med høg verdi». Dette er datasett og dokumenter der vidarebruk kan gi viktige fordelar for samfunnet, miljøet og økonomien. Europakommisjonen kan definere tematiske område for datasett med høg verdi. Dei områda som er definert så langt er: Geografiske data, jordobservasjonsdata og miljødata, meteorologiske data, statistikk, selskapsregister og eigarskapsregister, og mobilitetsdata (transportdata). Slike datasett skal vere gratis, tilgjengelege, maskinlesbare, levert gjennom API-ar og, når relevant, kunne bli lasta ned i bulk.

I desember 2022 vedtok Europakommisjonen *Gjennomføringsforordning om datasett med høg verdi (HVD)*. HVD bygger på ODD, og konkretiserer krava som gjeld når ein skal gjere denne typen datasett tilgjengelege. Noreg har ein plass i Open Data Committee, som er ein viktig arena for å fremme norske behov knytt til datasett av høg verdi.

Forordning 2022/868 om dataforvaltning (Data Governance Act, DGA) er eit regelverk som blant anna skal legge til rette for trygg bruk av beskytta data frå offentleg sektor. Formålet med DGA er å legge til rette for at tilgang til beskytta data skjer på ein måte som ikkje gjer at

personopplysningar, forretningsløyndommar eller opphavsrettsbeskytta materiale kjem uvedkommande i hende. Mitt departement arbeider med å sjå korleis denne forordninga skal implementerast i norsk rett.

Eg har, som eit ledd i oppfølginga av *Meld. St. 22 (2020-2021) Data som ressurs – datadrevet økonomi og innovasjon*, sett ned eit utval som skal sjå på heilskapleg regulering av vidarebruk av offentleg informasjon. Dette utvalet skal blant anna vurdere korleis ODD og HVD skal implementerast i norsk rett. Utvalet skal òg vurdere om ein plikt til å gjere tilgjengeleg enkelte typar data, som går ut over dei som er lista i ODD og HVD, skal inn i norsk lov. I tillegg skal utvalet sjå på korleis DGA kan inngå i denne heilskaplege reguleringa, og vurdere om det er bruk for endringar i digitaliseringsrundskrivet når det gjeld deling av data. Hensikta med dette arbeidet er å skape eit meir oversiktleg juridisk landskap som kan gi den tryggleiken og tilliten det er bruk for om vi skal få til meir deling av data i Noreg.

11 Stortinget ber regjeringa la utviklinga i nødnettet bli et foregangsområde for hvordan 5G-teknologi kan muliggjøre tjenester og kommunikasjonsløsninger, slik som bruk av fjernoperasjoner via nett

Naudnett er det kommunikasjonsverktøyet naud- og beredskapsstatane bruker i sitt daglege virke. Det blir nå vurdert kva slags løysing som på sikt skal ta over for det naudnettet vi har i dag. Desse utgreiingane følger vanlig utgreiingspraksis i staten. Etter at det er gjort ei ekstern kvalitetssikring vil regjeringa ta stilling til val av konsept før det blir bestemt om ein skal gå vidare med ein gjennomføringsfase, blant anna basert på grundige samfunnsøkonomiske vurderingar.

I dei utgreiingane som går føre seg er det sentralt at naudnettet i framtida skal bruke kommersielle mobilnett. Dette vil kunne legge til rette for innovasjon og utvikling av nye tenester etter at kjernebehova for dei viktigaste beredskapsaktørane er dekt. Overgangen frå det naudnettet vi har i dag til den framtidige løysinga vil òg gi viktig innsikt i korleis 5G-teknologi kan legge til rette for nye og innovative løysingar. Samstundes er det avgjerande at overgangen til ny løysing har nødvendig framdrift.

12 Stortinget ber regjeringa etablere en veileder for offentlige og private virksomheter med fokus på cybersikkerhet og personvern i forbindelse med deling av data gjennom åpne API

Det finst allereie rettleiing innanfor digital tryggleik både frå Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM), Digitaliseringsdirektoratet og Datatilsynet. I NSM sine grunnprinsipp for IKT-tryggleik er det blant anna prinsipp for å beskytte data i «ro og i transitt». Digitaliseringsdirektoratet rettleier om korleis verksemdar skal ha styring og kontroll gjennom eit styringssystem for informasjonstryggleik. Dette skal trygge at verksemda arbeider systematisk med informasjonstryggleik.

I *Meld. St. 9 (2022–2023) Nasjonal kontroll og digital motstandskraft for å ivareta nasjonal sikkerhet* kjem det fram at regjeringa vil etablere ein nasjonal portal og støtteverktøy for digital tryggleik i tråd med *Prop. 78 S (2021–2022)*. Portalen skal vere ein felles inngangsport for ulike grupper av brukarar, men skal utformast slik at alle får råd tilpassa si brukargruppe.

Arbeidet med å utvikle portalen starta opp hausten 2022 med planlagt lansering i løpet av 2023. Det er sentrale aktørar med roller og ansvar knytt til digital tryggleik som skal utarbeide innhaldet i portalen. NSM leier arbeidet, og skal etablere, forvalte og drifte portalen. For å bidra til meir systematisk arbeid med digital tryggleik, vil NSM tilby eit støtteverktøy til alle norske verksemder gjennom den nasjonale portalen. Verktøyet vil gjere det lettare for verksemder å evaluere eigen tilstand og bidra til at nasjonale råd blir betre kjent og i større grad implementert av verksemdene.

Digitaliseringsdirektoratet har starta prosjektet *Felles sikkerhet i forvaltningen (FSiF)*. Når verksemder i forvaltninga skal dele og bruke data og bygge samanhengande tenester på tvers av verksemder, treng dei å ha tillit til at andre verksemder har god nok informasjonstryggleik. Dette er eit av dei omsyna ein ønsker å løyse gjennom FSiF. FSiF er tenkt å vere ei felles referanseramme (eller norm) for arbeidet med informasjonstryggleik i offentlege verksemder.

13 Stortinget ber regjeringen revidere nasjonal strategi for digital sikkerhet

Regjeringa la nyleg fram *Meld. St. 9 (2022–2023) Nasjonal kontroll og digital motstandskraft for å ivareta nasjonal sikkerhet*. Meldinga gir ein strategisk retning og viser korleis regjeringa ønsker å styrke nasjonal og digital tryggleik. Meldinga har bygd vidare på den breitt forankra kursen sett i *Nasjonale strategi for digital sikkerhet* og nye behov på området som følge av blant anna den endra tryggingspolitiske situasjonen. Tiltak i meldinga omfattar blant anna regulering, nasjonalt eigarskap og kontroll, betre oversikt over verdiar og auka kompetanse og kunnskap. Som ledd i arbeidet med å følge opp meldinga, vil Justis- og beredskapsdepartementet vurdere om og når det eventuelt er behov for å revidere *Nasjonale strategi for digital sikkerhet*.

14 Stortinget ber regjeringen etablere et digitaliseringspanel bestående av næringslivaktører som løpende identifiserer behovet for lovendringer i den hensikt å realisere teknologipotensialet og auke innovasjonsgraden i norske virksomheter

Regjeringa får allereie innspel frå næringslivet på fleire ulike plattformer, blant anna gjennom regelverksutvikling. Regelverksendringar knytt til teknologisk og digital utvikling skjer fortløpande på mange ulike rettsområde, blant anna med utgangspunkt i nasjonale forslag, direktiv og forordningar frå EU, samt andre internasjonale forpliktingar.

I tillegg mottar regjeringa ei rekke innspel gjennom høyringar av ulike lov- og føresegnsendringar. Gjennom slike høyringar får alle moglegheit til å melde inn problemstillingar, både knytt til dei konkrete forslaga, men òg meir generelt. Det blir òg oppfordra til å gi innspel på problemstillingar regjeringa ikkje sjølv har tenkt på.

Eg viser òg til omtalen under forslag 4 der eg skriv om arenaer der næringslivet kan komme med innspel til data som bør prioriterast for datadeling, om forenklingsprosjektet og om offentleg-privat sektorutvikling. I forenklingsarbeidet for næringslivet får næringsministeren innspel til regelverksendringar, og ein del av desse innspela handlar om deling av data. Det finst derfor allereie arenaer der næringslivet kan formidle behov for lovendringar.

For ordens skuld vil eg nemne at Nærings- og fiskeridepartementet for tida arbeider med lovproposisjon om gjennomføring av *digitaliseringsdirektivet (direktiv (EU) 2019/1151)*. Dette direktivet gir blant anna felles europeiske reglar om bruk av digitale løysingar for å stifte og registrere aksjeselskap, samt gjere meir informasjon tilgjengeleg på tvers av EØS. Eitt av formåla med direktivet er å bidra til ein meir effektiv og funksjonell indre marknad som skal ivareta konkurranseevna og truverdet til selskap i EØS. Ei anna hensikt med digitaliseringsdirektivet er å sikre eit rettsleg og administrativt miljø som kan takle nye utfordringar knytt til globalisering og digitalisering.

15 Stortinget ber regjeringen legge til rette for regulatoriske sandkasser der bedrifter og myndigheter får mulighet til å teste ut nye teknologier og tjenester med manglende regulering, der lovverket trenger mer utprøving og eksperimentering før det endres helhetlig

Regjeringa har vidareført *Nasjonal strategi for kunstig intelligens* frå 2020. Eit viktig tiltak i strategien var etableringa av eit kontrollert testmiljø («regulatorisk sandkasse») for verksemder som vil eksperimentere med personopplysningar og kunstig intelligens samstundes som dei får oppfølging av personvernstyresmaktene. Det finst òg slike testmiljø hos Finanstilsynet og i Arkivverket. Regjeringa er positiv til etablering av denne type testmiljø, men slike initiativ må springe ut av eit behov i sektoren eller næringa sjølv, og ikkje vere sentralt styrt.

I Hurdalsplattforma varsla regjeringa at den vil gi større fridom til kommunale og regionale styresmakter, som ein del av tillitsreforma. Forsøk gjer det mogleg å drive innovasjon og utprøving der kommunane får unntak frå krav i lov og forskrift. Forsøkslova gir heimel for å sette i gang forsøk, og ein del andre lovar har spesifikke heimlar for å gi unntak frå lovkrav gjennom forsøk.

Regjeringa arbeider no med sikte på å etablere ei frikommuneordning innanfor gjeldande heimlar for forsøk. Regjeringa tar sikte på å invitere kommunar og fylkeskommunar til å søkje om deltaking i forsøk innanfor utvalde lovområder i løpet av første halvår 2023. Særleg aktuelle område kan for eksempel vere integrering, helse, omsorg, oppvekst, opplæring, miljø, og plan og bygg. Kommunal- og distriktsdepartementet og aktuelle fagdepartement kan etter ei vurdering av søknadene gi unntak frå gjeldande lovkrav med heimel i forsøkslova eller heimlar for forsøk i særlovar. Forsøka bør vare lenge nok til at det er mogleg å vurdere om føremålet med forsøket blir oppnådd, normalt tre til fire år.

16 Stortinget ber regjeringen sørge for at Kartverket blir en offentlig dataleverandør som muliggjør utvikling av digitale tvillinger og fremtidsrettede tjenester innenfor blant annet transportsektoren

Regjeringa har som mål at Kartverket skal sikre og bidra til effektiv tilgang til oppdatert kart- og eigedomsinformasjon. Kartverket skal sørge for at Noreg har ein effektiv infrastruktur for innsamling, behandling og deling av geodata. Kartverket skal òg dekke sentrale og viktige behov i samfunnet gjennom geografiske data.

Den nasjonale infrastrukturen for geografisk informasjon skal sikre rett kvalitet, enkel tilgang med ein felles delingsplattform og moglegheit for gjenbruk av data. Den geografiske infrastrukturen må stadig utviklast vidare for å halde geodata oppdaterte og lett tilgjengelege for brukarar. Ein moderne geografisk infrastruktur, forvalta av Kartverket i samarbeid med andre aktørar, legg til rette for at offentleg og privat sektor kan innhente og sette saman geografiske data og utvikle digitale kopiar av den fysiske verda. Slike digitale kopiar av terrenget kjenner vi som digitale tvillingar.

Det er viktig for denne regjeringa at Kartverket lykkast med det langsiktige målet om å etablere saumlause terrengmodellar mellom hav og land, samt forbetre og forenkle deling og bruk av geografiske data. Dette vil understøtte moglegheitene for brukarar i ulike sektorar til å lage detaljerte og oppdaterte digitale tvillingar for heile landet.

17 Stortinget ber regjeringa sikre norsk deltakelse i felleseuropeiske digitale satsingar gjennom nasjonale mobiliseringsmidler

Noreg har til hensikt å vere ein aktiv partner i ulike felleseuropeiske program og sørge for at vi får størst mogleg utbytte frå dei. Forskingsrådet og Innovasjon Noreg har øyremerkte verkemiddel for å mobilisere og rettleie norske aktørar mot deltaking i Horisont Europa, EU sitt rammeprogram for forskning og innovasjon. Horisont Europa har ei rekke digitale satsingar, som for eksempel klynga om digitalisering, næringsliv og romfart, og utlysingar av forskings- og innovasjonsmiddel i tematiske satsingar innanfor blant anna helse, samfunnstryggleik og klima. Horisont Europa støttar òg felles europeiske initiativ innanfor blant anna kvanteteknologi («Quantum Flagship»).

Dei største mobiliseringsordningane er Retur-EU og Prosjektetableringsstøtte (PES). Ordninga Retur-EU er resultatbasert støtte som skal stimulere til auka deltaking frå institutt i rammeprogrammet og bidra til å dekke deler av deira indirekte kostnader knytt til deltaking. I tillegg blir institutt med koordinatoransvar og samarbeid med næringsliv og/eller offentleg sektor premierte. PES gir søkarar frå bedrifter, helseføretak, institutt og universitet eller høgskular støtte til blant anna prosjektutvikling, posisjonering og kompetanseheving, slik at dei skal kunne utvikle fleire og betre søknadar.

Horisont Europa og andre EU-program skal fungere i samspel med kvarandre. Horisont Europa skal for eksempel levere forskning, innovasjon og kunnskap som støttar opp under EU sine politiske strategiar. Andre program skal ta forskning, kunnskap og innovasjon utvikla i Horisont Europa i bruk ved å vidareutvikle resultatata eller ved å teste ut eller skalere opp nye løysingar.

Eit slikt program er *Programmet for eit digitalt Europa (DIGITAL)*. Løysingane som blir utvikla gjennom DIGITAL rettar seg mot både næringsliv og offentleg sektor, men vil vere særleg viktige for å auke sysselsetting og konkurransekraft. Gjennom å delta i programmet sikrar regjeringa at prosjektmiddel som blir lyst ut i DIGITAL òg blir tilgjengelege for norske søkarar. Slik situasjonen er i dag, er bruk av eksisterande ordningar, eventuelt med nokre tilpassingar, det mest aktuelle alternativet for offentleg medfinansiering til akkurat dette programmet.

Erasmus+, som er EU sitt program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett, støttar mobilitets- og samarbeidsprosjekt innanfor heile utdanningsløpet, ungdom og idrett. Digital omstilling er ei av dei tværgåande prioriteringane for Erasmus+ i perioden 2021-2027. Erasmus+ skal blant anna støtte opp om etableringa av *Det europeiske utdanningsområdet* og bidra til inkludering, digital og grøn omstilling og aktivt medborgarskap. Erasmus+ skal òg understøtte prioriteringar og aktivitetar i Europakommisjonen sin handlingsplan for digital utdanning. Aktivitetane i programmet skal blant anna bidra til å støtte utvikling av digitale ferdigheiter og kompetanse, og utvikling av digital læring.

HK-dir og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) er nasjonalkontor for Erasmus+. Nasjonalkontoret sørger for mobilisering til programmet og tildeling av dei nasjonale midla. For å styrke norske aktørar sine moglegheiter for å få gjennomslag for prosjektmiddel som blir tildelt direkte frå Europakommisjonen, har HK-dir etablert ei ordning for prosjektetableringsstøtte. Middel blir tildelt etter vurdering av søknadar frå norske aktørar innan utdanning og forskning som førebur ein søknad til dei desentraliserte tiltaka i Erasmus+.

18 Stortinget ber regjeringa legge til rette for programmar som kobler den digitale kompetansen hos ungdom som driver med gaming og programmering med det økende behovet for digital kompetanse i næringslivet

Regjeringa er opptatt av at tilbudet innanfor høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning er i samsvar med behovet for kompetanse i arbeidslivet, slik eg har beskrive under forslag 6.

Samstundes skal vi ikkje utelukke at det kan finnast andre vegar inn i arbeidslivet, og det er viktig at næringslivet er opne for å òg inkludere personar med realkompetanse, for eksempel frå programmering. Dersom slike personar søker arbeid, kan dei for eksempel bruke NAV sin portal *arbeidsplassen.no*. Arbeidsplassen.no er ein open møteplass for alle på arbeidsmarknaden. Målet er å gi god oversikt over marknaden, både for jobbsøkarar og arbeidsgivarar.

Om næringslivet og næringsorganisasjonane i tillegg meiner det er bruk for eit eige program for å kople ungdom som spelar dataspel og ungdom som driv med programmering med bedrifter, utover det tilbudet NAV har, så meiner eg det er naturleg at næringsorganisasjonane sjølv tar initiativ til å etablere eit slikt program.

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik